



Møteprotokoll

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams, Teams
Dato: 01.10.2021
Tidspunkt: 10:00
Møtegodtgjørelse 1:00 t

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Leder
Gerd Helen Bø	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon
Jonny Liland	Nestleder
Inger Lise Lund Stulien	Medlem

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

_____ Bjørn Laugaland _____ Gerd Helen Bø _____

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 48/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 49/21	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 50/21	Søknad om å grave ned straumkabel langs rv. 9 i Hovden landskapsvernområde. Agder Energi nett.
AU 51/21	Søknad om godkjenning av tiltak ved fritidsbustad i Hovden landskapsvernområde. 1/249 Frode Tvinde. Bykle kommune.
AU 52/21	Eventuelt

AU 48/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 01.10.2021

Forvalter Jørn Haug hadde en kommentar om at det var ettersendt et nytt forslag til vedtak i sak AU 50/21 pr. e -post. Det nye forslag til innstilling gjaldt kun en redigering om plassering av en trafo.

AU 49/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 01.10.2021

Gerd Helen Bø skriver under sammen med styreleder Bjørn Laugaland.

AU 50/21 Søknad om å grave ned straumkabel langs rv. 9 i Hovden landskapsvernområde. Agder Energi nett.

Redigert forslag til vedtak fra forvalter sendt e-post 01.10.21:

Med heimel i naturmangfoldloven § 48 får Agder Energi Nett AS løyve til å grave ned straumkabel på strekninga Breidvatn – innkøyring til Lislevatn, i *Setesdal Vesthei*

Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Hovden landskapsvernområde i Bykle kommune. Vidare vert det gjeven løyve til å sette opp tre nye transformatorstasjonar nemnd Breidvassdam, Galten og Lislevatn. Så sant det er praktisk mogleg skal transformatorstasjon Lislevatn plasserast utanfor vernegrensa. Tiltaka skal vera i tråd med søknad datert 23.9.2021 og kart datert 24.9.2021 og 28.9.2021 som ligg ved saka. Maksimalt tillate storleik på transformatorstasjonane er 5,5 m² BYA. Transformatorstasjonane skal ha trekledning og saltak med mørk farge.

Under tvil er arbeidsutvalet av den oppfatning at tiltaka ikkje vil stri mot verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Arbeidsutvalet legg vekt på at inngrepa skal skje tett opp til annan eksisterande infrastruktur, og at graving av grøfter berre vil verka inn på dreneringa av myr heilt lokalt. Vidare vil fjerning av eksisterande luftspenn vera positivt i høve til landskapet. Ein får i tillegg fjerna eit kollisjonshinder for fugl.

For gjennomføring av tiltaka vert det sett følgjande vilkår:

- Alt gravearbeid, inkludert breidde og djupne på grøfter, skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for å legge ned straumkabel og plassere nettstasjonane.
- Ved attfylling av grøftene skal det over laget med sand nyttast stadeigen masse. Toppdekket skal takast vare på ved avdekking av grøftene slik at dette kan leggjast på toppen mest mogleg inntakt. I inngrepssona skal revegetering skje naturleg og utan såing.
- Det skal ikkje nyttast anleggsmaskinar i terrenget utover det som er strengt naudsynt for å grave ned straumkabelen og plassere transformatorstasjonane.
- Eksisterande luftspenn og straumstolpar skal fjernast og leverast på godkjend mottak.

Arbeidsutvalet føreset at naudsynte tillatingar vert henta inn frå andre fagmyndigheiter samt råka grunneigarar.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks arbeidet er avslutta. Frist for gjennomføring av arbeidet vert sett til 1.10.2022.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 01.10.2021

Behandling i møte:

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

AU 51/21 Søknad om godkjenning av tiltak ved fritidsbustad i Hovden landskapsvernområde. 1/249 Frode Tvinde. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldloven § 48 får Frode Tvinde løyve til å fylla på og planere ut massar vest for hytta på tomt 1/249 i Hovden landskapsvernområde. Løyvet gjeld for ei mindre mengde masse og over eit mindre areal enn det er søkt om. Arbeidet skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for å sikre stabilitet på fundament på veranda og fritidsbustad. Eksisterande fyllingsfot og skråning må flyttast minimum ein meter nærmare fritidsbustaden.

Arbeidsutvalet legg vekt på at det vart etablert ei fylling/skråning vest for fritidsbustaden når tomte i si tid vart opparbeida og før området vart verna. Ei forsiktig utviding av denne vil vera lite synleg i landskapet og sikre stabilitet på fundament på bygningsdelane. Tiltaket vil ha liten påverknad på dreneringstilhøva på myrområdet vest for fritidsbustaden. Ut i frå faren for presedens er det likevel viktig at det ikkje vert tillate større utfylling kring bygningar i verneområdet. Forvaltningsmyndigheita må ta omsyn til sumeffektar av fleire små tiltak som over tid kan hole ut verneføremålet og verneverdiane.

Det vert sett følgjande vilkår for gjennomføring av tiltaket:

- Bruk av anleggsmaskiner for gjennomføring av tiltak skal berre skje innfor eksisterande inngrepssone.
- Skråning skal revegeterast naturleg
- Før igangsetting skal eksisterande fyllingsfot merkast med stolpar som vert ståande gjennom anleggsperioden.
- For gjennomføring av tiltaket må det også hentast inn løyve frå Bykle kommune.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks arbeidet er avslutta. Løyvet gjeld fram til 1.10.2022.

Under føresetnad at tiltaket vert gjennomført som beskrive, og innan 1.10.2022, vil det ikkje vera aktuelt å krevje retting etter naturmangfoldloven § 69.

Når det gjeld tiltaka det er søkt om på eksisterande veranda og platting mot vest og sør kjem dette under vedlikehald som etter verneforskrifta kap. V pkt. 2 er tillate utan søknad.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 01.10.2021

Behandling i møte:

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

AU 52/21 Eventuelt

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 01.10.2021

Ny møtedato i AU, 27 oktober 2021 kl. 08.30.

Synfaring med styret i SVR i Jøsenfjorden før sommeren 2022.